

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 28.1.2011  
**Stad:** Hol, Hol kommunehus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Rådmannsutvalet deltok i sak 06, 07, 08.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen

---

## **SAK 01/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 17.12.2010**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 17.12.2010 vart vedteke.

## **SAK 02/11 HALLINGDAL LOKALMEDISINSKE SENTER, FORSLAG TIL JUSTERING AV FRAMDRIFTSPLAN**

### **Vedtak**

1. Eigarane (Regionrådet for Hallingdal og Vestre Viken HF) gir prosjektgruppa fullmakt til å setja i verk oppstart av delprosjekt nr. 6 med verknad frå 1.4.2011, og delprosjekt nr. 7 med verknad frå 1.3.2011.
2. Prosjektgruppa gis fullmakt til å engasjere prosjektleiing vidare fram til planlagt oppstart av hovudprosjekt 1.9.2011.

## **SAK 03/11 HØYRINGSUTTALE – NY LOV OM ELSERTIFIKAT**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal som representerar dei 6 kommunane i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol), gjev slik uttale til ny lov om elsertifikat:

Regionrådet for Hallingdal er positiv til regjeringa si varsla satsing på fornybar energi, som er både fornuftig og nødvendig. Ein grunnleggjande føresetnad for ei vellykka fornybarsatsing er at dette skjer i eit samspel med aktuelle lokalsamfunn, då fornybar energi er basert på bruk av lokale ressursar og dermed har ei sterk lokal forankring. Regionrådet er samd med regjeringa i, at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad, er ein god måte å skapa eit grunnlag for ei slik satsing.

I Hallingdal er det allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi, og det har vorte bygd mange småkraftverk i Hallingdal. Men 9 av kraftverka som er bygd i regionen vil ikkje få nytte godt av elsertifikatordninga, slik det er foreslått i ny lov. Dette til tross for at utbyggjarane er gjeve ei klar forventning om at dei ville bli omfatta av ein framtidig sertifikatmarknad. Denne forventninga er basert på gjentekne politiske lovnadar med skiftande regjeringar, om at kraftverk bygd etter 1.1.2004 ville bli omfatta av ordninga, når den kom på

plass. Det er Regionrådet for Hallingdal sin klare formeinng at desse konkrete løfta frå ansvarleg politisk hold, har skapt ein opplagt forventning om å ta del i sertifikatordninga, og har vore eit viktig grunnlag for avgjerd om utbygging. Regionrådet for Hallingdal finn det derfor ikkje rimeleg at berre anlegg under 1 MW installert effekt skal avgjera om tilbakeverknaden går tilbake til 7. september 2009 eller 1. januar 2004. Regionrådet for Hallingdal meiner derfor at tilbakeverknaden 1.1.2004 må gjelde alle småkraftverk, også dei mellom 1 og 10 MW.

#### **SAK 04/11 ORIENTERING OM ARBEIDET MED NATURBRUK/FAGSKULE LIEN**

Dagleg leiar orienterte om arbeidet med naturbruk/fagskule Lien, sett inn i eit fjellregionperspektiv. Vedlagt presentasjon.

#### **SAK 05-11 KOLLEKTIVTRAFIKKPLAN BUSKERUD**

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal tek initiativ til ein intern prosess i Hallingdal for å få fram eit best mogeleg grunnlag, som innspel til kollektivtrafikkplan for Buskerud.

Dagleg leiar får ansvar for å arrangere møte med aktuelle partar for å få fram aktuelle løysingar, som kan styrkje kollektivtrafikktilbodet i Hallingdal og inn/ut av Hallingdal.

Gerd Eli Berge representerar Regionrådet for Hallingdal i arbeidet.

#### **SAK 06/11 INNSPEL TIL DIALOGMØTE MED FYLKESMANNEN I BUSKERUD 15.2.2011**

Følgjande innspel skal Hallingdal førebu seg på til dialogmøte:

- Evaluering med bakgrunn i dialogmøte 2010, ansvar Torleif Dalseide
- Erfaringar med ulike tilsyn i regi av Fylkesmann, ansvar Nes kommune
- Utvikling av KOSTRA som informasjonsbase, Lars Ole Skogen
- Framtidig naturbruksskule/fjellfagskule ved Lien, Knut Arne Gurigard

#### **SAK 07/11 FELLES RUSPOLITISK HANDLINGSPLAN FOR HALLINGDAL (tilleggssak)**

##### **Bakgrunn**

Etter alkoholovens § 1-7d skal kommunane utarbeide alkoholpolitiske handlingsplanar. Forsking syner at bruk av alkohol og narkotika bør sjåast i samanheng, blant anna fordi tidleg alkoholdebut aukar risikoen for bruk av narkotika. Undersøkingar syner dessutan at blandingsmisbruk av fleire rusmidlar samtidig er mest utbredt blant rusmiddelmissbrukarar i Norge. Det blir og sett på som viktig at kommunane fører ein enskapleg rusmiddelpolitikk ved at dei ser løyveordningar og anna førebygging i samanheng med behov for innsats på rehabiliteringsområdet. Dette er bakgrunnen for at Helsedirektoratet rår kommunane til å utforme ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan. På oppdrag for Helsedirektoratet hjelper Borgestadklinikken kommunar med utarbeiding av ruspolitiske handlingsplanar. Til arbeidet med ein felles ruspolitisk handlingsplan vil Hallingdal få kr. 300.000 til arbeidet. Planen skal vedtakast i den einskilde kommune.

##### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal er positiv til at det blir utarbeid felles ruspolitisk handlingsplan for Hallingdal.

## **SAK 08/11 EVENTUELT**

### **IKA Kongsberg**

Med bakgrunn i IKA Kongsberg og framtidig lokalisering (Arkivsenter Østafjells), har det vore stilt spørsmål ved kostnadar/kostnadsdeling. Hol kommune vil vurdere dette nærare og sjå på om det kan vera aktuelt med felles arkiv for Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal vil eventuelt vurdere dette seinare med bakgrunn i dei vurderingar Hol kommune gjer.

### **Hallingdal karrieresenter**

Hallingdal karrieresenter vil i frå hausten 2011 tilby lærarutdanning i samarbeid med Høgskola i Telemark. Undervisninga vert levert via nyetablert studiesenteret i Hallingdal Næringshage. Regionrådet for Hallingdal har fått spørsmål om det her er teke omsyn til etablerte kurstilbydarar i Hallingdal, og om dette er i tråd med Regionrådet sitt vedtak i sak 35/10, der det vart løyvd midlar til forprosjekt for etablering av studiesenter for Hallingdal. I pkt. 2 i vedtaket står det: "Regionrådet for Hallingdal ber om at alternative modellar for eit studiesenter blir vurdert, der det også blir teke omsyn til allereie etablerte kurstilbydarar i Hallingdal."

Regionrådet for Hallingdal drøfta denne saka og vedtok at regionrådet sin representant i arbeidsgruppa Olaug Grønseth Granli saman med dagleg leiar, ber om møte med Hallingdal karrieresenter. Både for å få nærare orientering om dei val som er gjort, og avklare om føresetnadane for tilskot er oppfylt.

### **Hallingdal Krisesenter**

Hege Mørk orienterte om status for Hallingdal Krisesenter og dialog og tilbod til kommunane i Valdres. Hege Mørk følgjer opp denne saka.

### **Eventuell vidareføring av tilflyttingsprosjekt i samarbeid med Placement**

Oddvar Grøthe tok opp spørsmål om eventuell vidareføring av tilflyttingsprosjektet i samarbeid med Placement, m.a. ut frå at mål i avtale enno ikkje er oppnådd. Det vart gjeve klare signal på at prosjektet bør halde fram for å nå mål om 75 tilflyttingar, som er avtalefesta. Eventuelle ekstra løyvingar blir eventuelt eigen sak i Regionrådet. Utgangspunktet var og at kommunane stiller med nødvendige personalressursar.

### **Inn på tunet løftet Hallingdal**

Som medlemmer i styringsgruppa for "Inn på tunet løftet Hallingdal", orienterte Else Horge Asplin og Knut Arne Gurigard om status for prosjektet.

Ål 6.2.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon sak 04/11